

MØTEBOK

Område	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 11.00 Til kl. 14.00
Nordfjella	Villreinutvalet, årsmøte	Sundre Gjestestugu	28.3.09	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar 12 medlemar møtte (sjå vedlagd deltakarliste).

**Vara-
medlemar**

Andre 3 frå villreinnemnda, 3 frå jaktoppsynet.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

1/09 – 10/09

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.
Møteboka er underskriven av Terje Terum og Oddvar Stave.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Styremedlemene i villreinutvalet, villreinnemnda v/leiar og sekretær,
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Hermund Mjelstad.

MØTEBOK

Villreinutvalet for Nordfjella, årsmøtet

Møtedato: 28.3.09

Stad: Ål

Sak 1/09. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart godkjend.

Sak 2/09. Val av to til å skriva under møteboka

Terje Terum og Oddvar Stave vart valde.

Sak 3/09. Årsmelding og rekneskap for 2008

Lars Nesse gjekk gjennom årsmeldinga.
Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

Kjartan Eide-Fredriksen gjekk gjennom rekneskapen.
Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

Sak 4/09. Jaktresultat og oppsynsrapportar for 2008

Lars Nesse gjekk gjennom jaktresultatet.
Kommentar: Korleis få opp avskytinga av kalv? Stamma i Nordfjella er ung.
Forslag om å registrera om det er mjølk i jur på felte simler, for å sjå kor mange morlause kalvar som går att. Forslag om å kutta ut rubrikken om tal jaktdagar på korta, og heller få inn registrering for mjølk i jur.

Håkon Øydvin gjekk gjennom oppsynsrapporten for 2008.
Kommentar: Svært positivt med så lite skadeskyting.

MØTEBOK

Villreinutvalet for Nordfjella, årsmøtet

Møtedato: 28.3.09

Stad: Ål

Sak 5/09. Kort orientering om merkeprosjektet

Lars Nesse orienterte. 6 nye dyr er merkte i Nordfjella i februar 2009.
Kommentar: Me må ikkje gløyma munnleg, gammal kunnskap om reinen sin bruk av villreinområdet.

Sak 6/09. Teljingar 2008-09

Lars Nesse orienterte.

Sak 7/09. Budsjett for 2009. Fastsetjing av medlemskontingent og styrehonorar

Samrøystes vedtak:

Medlemskontingent: 1 øre pr. daa.
Godtgjersle leiar: kr. 10 000 pr. år.
Godtgjersle kasserar: kr. 4000 pr. år.

Kjartan Eide-Fredriksen orienterte om budsjettframlegget frå styret.
Budsjettframlegget vart samrøystes godkjent.

Sak 8/09. Val av revisor

Reg. revisor Steinar Loven AS vart samrøystes vald.

MØTEBOK

Villreinutvalet for Nordfjella, årsmøtet

Møtedato: 28.3.09

Stad: Ål

Sak 9/09. Fellingskvote og lokal jakttid for 2009

Forslag frå styret:

Jakttid: 20.8.-20.9.

Nattefreding: kl. 19.00 – 07.00

Fellingskvote: 700 løyve

Fordeling: 30 % frie dyr, 35 % simle/ungdyr, 35 % kalv.

Forslaget frå styret vart samrøystes vedteke.

Sak 10/09. Arbeidplan for 2009

Lars Nesse orienterte.

Kjartan Eide-Fredriksen kom med forslag om at styret jobbar endå meir med den store samjaktavtalen (mellom fjellstyra og private felt).

Terje Terum kom med forslag om å gjera tiltak for å ta ut meir av kalvekvoten, premiering av skyting av "skrapdyr," både kalv og simle.

Møteboka underskriven av: Terje Terum, Oddvar Stave